



Saksutgreiing

SAKSGANG**Styre, utval, komite m.m.**

Utval for Plan og Utvikling

Kommunestyret

Møtedato

29.01.2014

11.02.2014

Saksnr

012/14

014/14

Sakshandsamar: Tor Arild Segtnan	Arkiv: FA-M82	Arkivsaknr 14/60
-------------------------------------	------------------	---------------------

Brannstudien - organisering og ressursbruk i brann- og redningsvesenet.**Vedlegg:**

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
22.01.2014	Førde kommune- brannstudie	48524

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Jølster kommune finn ikkje at nokon av modellane for framtidig organisering av brannvesena i Noreg vil gje betre brann- og samfunnstryggleik i kommunen. For Jølster sin del vil dei heller ikkje gje økonomisk vinst. Kommunen er også skeptisk til at endringa vert sentralstyrtd, og meiner dette vil redusere lokal kontroll, engasjement og kompetanse. Samla vil dette svekke kommunen si evne til å handtere ulukker og kriser. Alternativ 3 med samarbeid innanfor SIS vert likevel vurdert som betre en alternativ 1 og 2.

Eksisterande lovverk supplert med frivillige interkommunale avtaler vil gje betre ressursbruk og være tilpassa lokal geografi og risikobilete. Det er også sannsynleg at mindre sjølvstendige einingar vil være meir fleksible og dermed meir robust ved store hendingar.

Kommunen er positiv til ei omorganisering av førebyggjande avdeling, og meiner dette vil styrke tryggleiksarbeidet. For kommunen vil det være naturleg å søke samarbeid innanfor SIS

Handsaming i Utval for Plan og Utvikling 29.01.2014:

Framlegg frå Atle Hamar V: Tillegg til første avsnitt som følgjer:

Jølster kommune meiner at dersom alternativ 3 vert vald, så er Skei i Jølster ein eigna lokaliseringsstad.

Røysting:

Samrøystes i samsvar med tilrådinga og framlegg til tillegg frå Atle Hamar.

UPU-012/14 Vedtak:

Jølster kommune finn ikkje at nokon av modellane for framtidig organisering av brannvesena i Noreg vil gje betre brann- og samfunnstryggleik i kommunen. For Jølster sin del vil dei heller ikkje gje økonomisk vinst. Kommunen er også skeptisk til at endringa vert sentralstyrd, og meiner dette vil redusere lokal kontroll, engasjement og kompetanse. Samla vil dette svekke kommunen si evne til å handtere ulukker og kriser. Alternativ 3 med samarbeid innanfor SIS vert likevel vurdert som betre en alternativ 1 og 2. Jølster kommune meiner at dersom alternativ 3 vert vald, så er Skei i Jølster ein eigna lokaliseringsstad.

Eksisterande lovverk supplert med frivillige interkommunale avtaler vil gje betre ressursbruk og være tilpassa lokal geografi og risikobilete. Det er også sannsynleg at mindre sjølvstendige einingar vil være meir fleksible og dermed meir robust ved store hendingar.

Kommunen er positiv til ei omorganisering av førebyggjande avdeling, og meiner dette vil styrke tryggleiksarbeidet. For kommunen vil det være naturleg å søke samarbeid innanfor SIS.

Handsaming i Kommunestyret 04.03.2014:

Tilrådinga frå UPU vart samrøystes vedteke

Jan Ove Flate SP: framlegg om endring i tilrådinga frå UPU i første punkt

Jølster kommune meiner at dersom nokon av alternativa ovafor vert vald, så er Skei i Jølster ein eigna lokaliseringsstad.

Det vart først røysta over Utval for plan og utvikling sitt framlegg med endring frå Sp.

Utval for plan og utvikling sitt framlegg med endring frå SP vart samrøystes vedteke

KST-014/14 Vedtak:

Jølster kommune finn ikkje at nokon av modellane for framtidig organisering av brannvesena i Noreg vil gje betre brann- og samfunnstryggleik i kommunen. For Jølster sin del vil dei heller ikkje gje økonomisk vinst. Kommunen er også skeptisk til at endringa vert sentralstyrd, og meiner dette vil redusere lokal kontroll, engasjement og kompetanse. Samla vil dette svekke kommunen si evne til å handtere ulukker og kriser. Alternativ 3 med samarbeid innanfor SIS vert likevel vurdert som betre en alternativ 1 og 2. Jølster kommune meiner at dersom nokon av alternativa ovafor vert vald, så er Skei i Jølster ein eigna lokaliseringsstad.

Eksisterande lovverk supplert med frivillige interkommunale avtaler vil gje betre ressursbruk og være tilpassa lokal geografi og risikobilete. Det er også sannsynleg at mindre sjølvstendige einingar vil være meir fleksible og dermed meir robust ved store hendingar.

Kommunen er positiv til ei omorganisering av førebyggjande avdeling, og meiner dette vil styrke tryggleiksarbeidet. For kommunen vil det være naturleg å søke samarbeid innanfor SIS.

Saksutgreiing:

[Brannstudien er ein omfattande rapport på ca 150 sider](#) og dekker det meste innanfor brann- og redningstenestene. Sjølv om hovudfokus er beredskap og førebyggjande arbeid, omtalast også organisering av 110-sentralar, IUA, framtidige oppgåver for brannvesenet med meir. Omfanget gjer det vanskeleg å gå i detalj på innhald, resonnement og konsekvensar for kommunen. Det vert vurdert som ein svakheit ved rapporten at den ikkje opnar for ulike løysingar innanfor dei ulike delane av brannvesenet. Truverdet vert også svekka av nokre påstandar som ikkje er i samsvar med korleis Jølster brannvesen opplever situasjonen. Døme på dette er at rekrutteringa til mindre brannvesen vert betre ved å organisere dei i større einingar. For vår del er det grunn til å tru at folketalet rundt stasjonane er ei større utfordring for rekruttering en at brannvesenet er lite. Arbeidsgruppa si brannfaglege kompetanse er henta frå IKS sentrert rundt større byar (Sandnes, Trondheim og Elverum). Det kan verke som gruppa difor har liten forståing for utfordringane og ressursane som er tilgjengeleg i mindre kommunar.

Arbeidsgruppa som har vurdert brann- og redningsvesenet si organisering og ressursbruk har kome fram til tre ulike modellar for organisering:

1. Organiseringa av brannverna fylgjer fylkesgrensene.
2. Kvar eining skal dekke minst 100 000 innbyggjarar, eller fylgje fylkesgrensene.
3. Kvar eining skal dekkje minimum 20 000 innbyggjarar.

I tillegg skal 110-sentralane organiserast slik at dei dekker eit område med minimum 400 000 innbyggjarar. Arbeidsgruppa tilrår at modell 2 vert vald.

Administrasjonen kan ikkje sjå at nokon av modellane vil betre kommunen sin beredskap i høve til brann og samfunnstryggleik. Dersom modell 1 eller 2 vert valt meiner administrasjonen at det vil være naturleg at staten overtek ansvaret for brann- og

redningstenesta. Omorganisering vil for vår del heller ikkje medføre vesentleg reduksjon i ressursbruken. Arbeidsgruppa påstår den er opptatt av å sikre lokalt eigarskap til tryggleiksarbeidet, men har i liten grad synleggjort korleis dette er tenkt løyst. Administrasjonen meiner ei omorganisering til IKS vil gå ut over politisk og administrativt eigarskap og styring. Konsekvensen kan bli at engasjementet for brann/redningsarbeidet vert redusert, og lokal kriseleiing kan få redusert sine mogelegheiter til å nytte brannvesenet effektivt ved hendingar som ligg utanfor brannvesenet si primæroppgåve. Lokalt engasjementet vert minst råka av alternativ 3, og dette er difor å føretrekke i høve til dei to andre alternativa.

Brannberedskapen i kommunen er kostbar – hovudsakleg på grunn av forskriftskrav om innsatstid til sjukeheimane og tettbygd strøk. ([«Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen § 4-8»](#)) Verken Vassenden eller Skei vil kunne dekkast av utrykkingsmannskap frå den andre tettstaden eller Førde/Gloppen innanfor dei 20 minuttane forskrifta sett. Dette vil ikkje endrast av omorganisering, og vi må også i framtida ha to brannstasjonar i kommunen.

Overordna brannvakt i kommunen fungerer også som teknisk vakt utanfor normalarbeidstida, bakvakt for tryggleiksalarmane og rykkjar ut ved utløyst innbrotsalarm for nokre bygg. Ei felles vaktordning med nabokommunar vil difor krevje at vi organiserer desse vaktene på ein anna måte. Litt avhengig av korleis utrykkingsleiarfunksjonen vert dekt i høve til vaktgodtgjersle, vil ei endring i vakt gje auka til uendra kostnad.

Argumentasjonen om at brannvesena må være organisert i større einingar for å kunne handtere større hendingar, verkar ikkje å ta omsyn til lovkrav og korleis samfunnet i praksis fungerer. Brannvesena er lovpålagt å gje bistand til kvarandre ved større hendingar, og uavhengig av dette er det menneskeleg å ynskje og hjelpe andre. All erfaring – seinast frå Lærdal, syner at administrative grenser er underordna når ei krise oppstår. Store katastrofeliknande hendingar er heldigvis sjeldne, sentrale myndigheiter bør difor vurdere om samfunnet er tent med å organisere seg for desse i staden for dei meir vanlege hendingane.

Ut over å syne til nasjonalt risikobilete er det ikkje nytta ROS-vurderingar i rapporten. Når så store endringar vert foreslege burde nokre nøkkelpunkt samtidig vore konsekvensvurdert. Det vil være uheldig om ei omorganisering medfører at samfunnet sin fleksibilitet til å løyse store hendingar vert redusert som fylgje av større einingar med lange komandoliner.

Det vert hevda at ulike administrative grenser mellom brannvesen, IUA, 110-sentralar, politidistrikt og helseregionar gjer det vanskeleg å få oversikt over situasjonen. Dette kan være tilfelle for overordna mynde som ynskjer informasjon, men ikkje på sjølve skadestaden. Fagleiarane veit kvar dei i kvart enkelt tilfelle skal henvende seg til for å få hjelp. I organiseringa av brann- og redningstenesta bør tilhøva på skadestaden være styrande, ikkje kva sentrale mynde ynskjer å kunne styre.

Brannvesenet sin evne og kompetanse til å løyse større uføresette hendingar vert nytta som argument for større einingar. Jølster brannvesen si erfaring er at kompetanse eller utstyr som ikkje er tilgjengeleg på skadestaden, har liten verdi. For vår del vil ei sentralisering av kompetanse og utstyr i mange tilfelle medføre ein redusert evne til å løyse oppgåvene.

Jølster har få hendingar i løpet av eit år, og dette reduserer vår kompetanseutvikling. Administrasjonen er samd i at erfaringa til større brannvesen bør utnyttast på ein betre måte en tilfelle er i dag. Dette kan løysast ved å inngå samarbeid om øvingsopplegg. I tillegg til erfaringsutveksling vil dette også sikre ei meir langsiktig opplæring en tilfelle er i dag. Det er

også verdt å merke seg at slik erfaringsutveksling bør gå begge vegar. I mange tilfelle er det slik at store brannvesen har mengde, mens mindre brannvesen har dei uvanlege hendingane/løysingane.

Studien verkar å ignorere risikoen for samstundes hendingar. Spesielt for 110- sentralane kan dette være eit problem. Florø har minimum 2 mann på vakt, og kan raskt auke dette. Ei flytting til Bergen vil sannsynlegvis ikkje medføre at bemanninga der aukar i same grad, sjølv om sannsynlegheiten for samtidige hendingar vil auke. 110- sentralane er eit hjelpemiddel for leiinga på skadestaden, og det er difor viktig at dei har ressursar til raskt å handtere spørsmål frå skadestaden. Som for kompetanse og utstyr er det også her slik at det er betre med brukbar hjelp no, en veldig god hjelp om ei stund.

Brannstudien peiker også på at brannvesenet kan nyttast til andre samfunnsoppgåver, til dømes ei lett ambulanseteneste. Brannvesenet bør være ein viktig ressurs for lokalsamfunnet og kan nyttast til andre ting en primæroppgåvene. Det bør likevel være opp til kommunane å styre dette slik at det ikkje går ut over beredskapen. Ei sentralisering kan difor føre til at kommunen ikkje får høve til å utnytte sine ressursar godt, eller at tilleggstenestene vert så omfattande at dei kan gå ut over beredskapen. I høve til det konkrete eksemplet med ambulanseteneste, er det også rett å spørje om dette er ein kommunal oppgåve.

Førebyggjande brannarbeid har andre utfordringar en beredskap. Arbeidet er meir prega av kontorarbeid og aktiviteten kan planleggjast i god tid. Mogelegheitene for styrd kompetanseoppbygging vert difor forskjellig frå beredskap. Ei samling i større einingar har difor få av dei ulempene ei samling av beredskap har, og ein kan få full utteljing av vinsten. Ei ulempe er at kommunen vil miste kompetanse innanfor ROS og tilsynsmetodikk. Til dømes har førebyggjande avdeling vore med på tilsyn etter «Lov om miljøretta helsevern» her i kommunen. Tilsvarande også for feiarverksemda. Ved å samle denne i ei interkommunal teneste, vil ein få heiltidsstillingar og ei betre kompetanseutnytting. Samla er administrasjonen av den oppfatninga at ei interkommunal førebyggjande avdeling vil være positivt for tryggleiken i Jølster.

Administrasjonen er redd for at «Brannstudien» vert nytta til tvangssamanslåing og sentralisering av brannvesen, og er generelt negativ til konklusjonane i rapporten. Det er likevel verdt å merke seg at resonnementet om større einingar byggjer på ein tanke om at nærleik til ei hending er underordna kompetanse, og at gode kommunikasjonstilhøve vil kompensere for ulempene knytt til avstand. Spesielt for alternativ 1 og 2 bør då Skei med «Livsmeistringssenteret» være eit godt alternativ til lokalisering i Førde, Florø eller Sogndal.

Brann og redning er oppgåver som må løysast lokalt. Brannvesenet må difor organiserast ut frå lokal risiko, geografi, ressursar med meir. Lokalkjennskap og eigarskap til problemstillingane er difor viktige verkemiddel i beredskapsarbeidet. Lokale samarbeidsløysingar mellom kommunane vil kunne skreddarsyast slik at ein oppnår best mogeleg ressursutnytting og samfunnstryggleik, og vert difor tilrådd.

Dokumentliste: